

# NYTT fra Stad 2020 / april 2019

tilsette i Eid og Selje



**Omstettingsprosjektet**  
Status og vidare prosess for arbeidet i omstettingsprosjektet. Arbeid med arbeidsavtalar startar opp i april.



**Samordning 2019**  
Samordninga av tenester i Eid og Selje er allereie i gang og nokre einingar har fått felles leiar. Fleire samordningar vert planlagde i løpet av året.



**Tilsett-treff Operahuset 4. sept**  
Det vert treff for tilsette i Eid og Selje onsdag 4. september. Hald av dato! Meir info. kjem.

Hugs!  
Treffe nye og gamle kollegaer på Operahuset onsdag 4. sept!



**Vedtak frå PSU/fellesnemnda**  
Fellesnemnda og PSU hadde møte på Eid 7. mars. Her finn du oppsummering på saker og vedtak frå møte.

## Omstilling og samordning

- Status for arbeidet med ny leiar- og organisasjonsstruktur og samordning av tenester

**Omstettingsprosjektet er no i slutten av fase 3 Bemanningsplan og innpllassering i einingane.**  
Prosjektet blir vidareført gjennom samordningsprosjektet som starta opp i januar 2019.

Gjennom konkrete samordningstiltak skal ei rekke nye einingar bli etablert og ein skal setje i verk mykje av det ein har kome fram til gjennom hovudprosjekta og delprosjekta i 2018 og 2019.

Arbeidet i omstettingsprosjektet vil også bli vidareført gjennom arbeidsavtaleprosjektet som startar i slutten av april 2019. I løpet av året skal alle tilsette i Stad kommune få nye arbeidsavtaler. Med faste tilsette, mellombels tilsette og tilkallingsavtaler så omfattar dette om lag 1000 nye avtaler.

## Status og prosess

### Alle einingsleiarar tilsette

I løpet av desember 2018 og januar 2019 vart alle einingsleiarane i dei 13 «ikkje-stad-bundne» einingane tilsette. Dette er einingane som vert organiserte på tvers av dei to kommunane:

- Bjarte Gangeskar – barnevern
- Linda Gotteberg – helse
- Kristian Nave – plan og forvaltning
- Tore Nyhammer-Taklo – eigedom
- Hans Peter Eidsflot – kommunalteknikk
- Geir Petter Hatlenes – brann, redning og førebygging
- Ingrid Stave – lokal samfunnsutvikling
- Geir Holmen – kultur
- Rune Engeseth – opplæring og integrering
- Bodil Førde – arbeid og velferd
- Ole Starheim – stabsområde økonomi
- Kristin Otneim Aarsnes – stabsområde strategi og samordning
- Ingunn Rotihaug – stabsområde personal og kommunikasjon

Rektorar og styrarar i skule og barnehage, leiar for Interkommunale helsetenester Nordfjord sjukehus, leiarane for Seljetunet og Hogatunet er direkte innplasserte i Stad kommune frå 01.01.2020. Det er oppretta eit eige prosjekt for å organisere heime-tenester og bu- og miljøtenester.

### Status og plan for samordning av tenester i Selje og Eid 2019

**Plan og forvaltning 1.1 2019**

**Arbeid og velferd (NAV) 1.1 2019**

**Felles brannsjef Selje og Eid 1.6 2019**

**Leiar for barnevern i begge kommunar 1.8.2019**

**Stabsavdelingane 1.8 2019**

**Oppvekst og opplæring 1.8 2019**

**Felles sentralbord 1.2 2019**

**Arbeidet med å førebu samordning av dei tekniske tenestene er i gang**

**Sjå info. s. 2-3**

## Kartlegging av stillingar i Eid og Selje

I januar 2019 vart det gjennomført ei kartlegging blant alle tilsette i Eid og Selje kommunar om endring i stilling. Denne kartlegginga kom i tillegg til ei kartlegging som vart gjennomført i 2018 blant tilsette i «ikkje-stadbundne» tenester. Det kom inn om lag 190 kartleggingsskjema i dei to kommunane. Leiarane har no gått gjennom og vurdert ønskene frå dei tilsette. Nokre tilsette har fått oppfylt ønska sine, men ein del ønske har det ikkje vore mogleg å innvilge no. Mange har til dømes ønska seg auka stilling eller kompetanseuke. Dette er ønske som ein må handtere etter kvart som det vert ledige stillingar og kva som er prioriterte kompetansetiltak. Tilsette bør be om eit møte med leiaren sin dersom ein har spørsmål om det ein har spelt inn gjennom kartleggingsskjemaet.



## Kompetanseanalyser, bemanningsplanar og innpllassering

I januar og februar 2019 vart det arbeidd med å lage kompetanseanalyser, bemanningsplanar og innpllasseringslister i alle 34 einingar i Stad kommune. Formålet med kompetanseanalysene er å kartlegge status i kommunen og vurdere på kva område ein har behov for å utvikle eller rekruttere ny kompetanse. Kompetanseanalysene vil inngå som ein del av grunnlaget i arbeidet med ein kompetanseplan for Stad kommune og skal også vere eit hjelpemiddel for den enkelte leiari i rekrutteringsarbeidet framover.

Førmalet med bemanningsplanane og innpllasseringslistene er å avklare den interne leiarsstrukturen og dimensjonere einingane sett opp mot ansvar og oppgåver som ein skal ivareta.

Bemanningsplanane og innpllasseringslistene er viktige grunnlag for nye arbeidsavtaler som skal skrivast frå april 2019 og viktige grunnlag for budsjettet til Stad kommune frå 2020.

Med utgangspunkt i dei bemanningsplanane og innpllasseringslistene som er utarbeide, er det per 1. april 2019 gjennomført innpllasseringsmøte for 10 einingar. Fleire innpllasseringsmøte er planlagde framover. Etter dette vil ein gå gjennom innpllasseringslistene i skular og barnehagar og dei store institusjonane. Når det er nærrare avklart korleis heimetenester og bu- og miljøtenester skal organiserast i Stad kommune, vil ein også gå gjennom innpllasseringslistene til desse einingane.

## Samordna tenester 2019

Samordninga av tenester i Eid og Selje er allereie i gang og nokre einingar har fått felles leiari. Fleire samordningar vert planlagde i løpet av året. Ved å slå seg saman i 2019 får dei tilsette betre tid til å bli kjende, dele på erfaringar og kompetanse og arbeide med å samordne arbeidsverktøy og arbeidsmåtar. Samordning fører til større fagmiljø og at ein er mindre sårbare i begge kommunar. Samstundes er det også slik at



samordning betyr endring. Kanskje skal andre utføre nokre av dei arbeidsoppgåvene ein har i dag, kanskje må ein lære noko nytt eller innføre nye måtar å gjere ting på. Det er ei spennande, utfordrande og kanskje litt forvirrande tid for mange tilsette i Eid og Selje kommunar.

### **Plan og forvaltning er slått saman**

Kristian Nave starta som leiari for plan og forvaltning i både Eid og Selje kommunar 01.01.2019. Dei tilsette arbeider både frå Selje og frå Eid, og det vert no saksbehandla byggjesøknader og andre saker på tvers av dei to kommunane. Frå 01.01.2020 vil eininga plan og forvaltning ha til saman 9 årsverk. Arbeidsoppgåvene vil vere plan- og reguleringssaker, byggesaker, oppmålingsaker og saker knytte til landbruk, skogbruk og miljø.

**Arbeid og velferd (NAV) har fått felles leiari** Bodil Førde tok over som leiari for NAV i begge kommunar frå 01.01.2019. Bodil skal leie eit prosjekt i 2019 for å etablere eit godt NAV-tilbod i den nye kommunen. Ho vil få på plass ein ny parterskapsavtale med NAV Vestland i

løpet av året. Eininga arbeid og velferd vil frå 01.01.2020 ha om lag 11 årsverk i både Eid og Selje.

### Felles brannsjef i Selje og Eid

Frå 01.06.2019 får Eid og Selje felles brannsjef. Geir Petter Hatlenes tek over ansvaret for begge brannkorps og ansvaret for både det førebyggjande arbeidet og beredskapsarbeidet i begge kommunar. Selje har tidlegare hatt ein avtale med Flora om feiring og tilsyn. Denne avtalen er no avslutta og dette arbeidet vert frå 2019 utført av eige personell i både Selje og Eid. Frå 01.01.2020 vil eininga ha 4,25 faste årsverk og to brannkorps på til saman 40 personar i Selje og Eid.



### Leiar for barnevern i begge kommunar

Frå 01.08.2019 vert Bjarte Gangeskar leiar for barnevernet i begge kommunar. Samstundes vert ansvaret for einslege mindreårige flyktningar i Eid flytta til flyktningtenesta (opplæring og integrering frå 01.01.2020). Frå 01.01.2020 vil barnevernet i Stad kommune ha til saman 9,5 årsverk.

### Arbeidet med å samordne dei tekniske tenestene er i gang

I Eid kommune har ein bestemt seg for å dele teknisk drift i dei to einingane eigedom og kommunalteknikk frå 01.04.2019. Dette grepet vert gjort for å førebu samanslåing med dei tekniske tenestene i Selje frå 2020.

Hans Peter Eidseflot startar i stilling som leiar for kommunalteknikk i Eid frå 01.04.2019. Oppgåvene som skal handterast i denne avdelinga er mellom anna vei, vatn, avløp, park og grønt. Hans Peter Eidseflot skal i 2019 også handtere grensejusteringsprosjektet Bryggja. Frå 01.01.20 vil eining for kommunalteknikk ha om lag 15,5 årsverk.

Tore Nyhammer-Taklo held fram som leiar for eigedom. Eininga har mellom anna ansvaret for utleige, vedlikehald og reinhald av kommunale bygg i heile Stad kommune. Det vert også vurdert om eigedom skal overta reinhald i private heimar frå heimetenesta, men dette er noko som på utgreiaast og planleggast nøyre. Eining for eigedom er planlagd med rundt 37 årsverk frå 01.01.2020.

### Oppvekst og opplæring

Harald Sivertsen er tilsett som kommunalsjef for området oppvekst og opplæring i Stad kommune frå og med 01.01.20. Det er no avklart at Harald Sivertsen vert kommunalsjef i Eid og Selje kommunar frå 01.08.2019.

### Samordning i stabsavdelingane

#### Økonomi

Ole Starheim har i eit par år vore økonomisjef i både Eid og Selje kommunar. Økonomi har dei siste åra mellom anna hatt ansvaret for to budsjett, to rekneskap og to årsmeldingar. I løpet av 2018 og 2019 har det pågått eit omfattande arbeid med å etablere eit felles økonomi- og lønsystem for Stad kommune. Stabsområdet har ansvaret for mellom anna budsjett, rekneskap, fakturering, kommunale avgifter, skatteoppkrevjar og felles rapporterings- og styringssystem på økonomiområdet. Stabsområdet økonomi vil ha om lag 14,5 årsverk frå 01.01.2020.


Frå 01.08.2019 er planen at også dei to stabsområda strategi og samordning og personal og kommunikasjon får felles leiatar.

**Strategi og samordning** er eit nytt stabsområde som Kristin Otneim Aarsnes skal vere leiari for. Eininga skal ha tverrfagleg fagkompetanse og skal kunne gje råd og koordinere ulike former for tverrgåande samarbeid internt i organisasjonen. Stabsområdet vil få oppgåver som mellom anna innkjøp, digitalisering og IKT, prosjektleiing, kvalitetssystem, samfunnsmedisin og folkehelse, rådgjeving for kommunal tenesteyting og verksemndsstyring. Leiari skal etter planen få frigjort tid til å starte arbeidet med å samordne og etablere stabsområdet frå 01.08.2019. Strategi og samordning er planlagt med om lag 12,5 årsverk frå 01.01.2020.

#### Personal og kommunikasjon

Ingunn Rotihaug tek til som leiar for stabsområdet personal og kommunikasjon frå 01.08.2019. Stabsområdet skal ha ansvaret for overordna arbeidsgjeverpolitikk, personal og lønsarbeid, HMS, kompetanse- og organisasjonsutvikling, arkiv og dokumentforvaltning, informasjon, møtesekretær, publikumsmottak og sentralbordfunksjon. I 2018 og 2019 har ein arbeidd med å samordne sentrale personalpolitiske dokument i Selje og Eid. Det er også arbeidd med å etablere felles arkiv- og saksbehandlarsystem for Stad kommune. I februar 2019 vart det etablert felles sentralbord for Eid og Selje. Stabsområdet er planlagt med om lag 17 årsverk frå 01.01.2020.

## Organisasjonskart Stad kommune April 2019



## Prosjekt som er i gang

### Organisering av heimetenester og bu- og miljøtenester i Stad kommune

Det er sett i gong ein prosess med å omorganisere med mål om å få felles leiing av desse tenestene. Det er starta eit innsiktsarbeid gjennom samtale med leiarane i begge kommunane. Det vil så vere ein prosess vidare med fastsetjing av struktur gjennom drøftingar med tillitsvalde, og i løpet av våren vil det bli gjennomført kartleggingssamtalar med dei som blir berørte av endringane. Omorganiseringa vert gjeldande frå 01.01.2020. Bryggja, Totland og Maurstad vil då vere ein del av dei samla tenestene.

Det er likevel eit mål å få til avklaringar så snart som råd både av omsyn til dei involverte og av omsyn til fristar for årsplassering. Det vil kome meir informasjon om prosessen så snart prosjektplanen er klar.



### Kompetanseutviklingsprogram for leiarar i Stad kommune

Vi har under planlegging eit leiarutviklingsprogram som skal bidra til å utvikle leiarskapet og leiarferdigheiter i organisasjonen. Programmet skal både ha eit langsigtig strategisk perspektiv for å møte framtida sine utfordringar og det skal vere praksisnært slik at leiarane kan omsetje og gjere seg nytte av kunnskapen i det daglege leiararbeidet.

Vi veit at vi må omstille oss til strammare økonomiske rammer samstundes som vi har ambisøse mål for den nye kommunen. Skal vi lukkast med dette er vi avhengige av å utvikle eit samla leiarskap i heile organisasjonen der vi legg vekt på å utvikle ein felles leiarplattform. Sentrale element vil vere vidareutvikling av leiarane sin kompetanse innan endringsleiing, bygge innovasjonskompetanse, gjere leiarane medvetne på deira rolle for å fremje og gjere seg nytte av digitalisering og korleis utvikle ein kultur for meistring, deltaking og kontinuerleg forbetring. God leiing er avgjerande for å kunne levere gode tenester i eit samfunn- og arbeidsliv i endring.

Målet må vere å utvikle gode tenester og bidra til eit meistringsklima for alle tilsette i tråd med prinsippa/faktorane i KS si medarbeidarundersøking 10-faktor. Denne medarbeidarundersøkinga gir grunnlag for leiarutvikling, medarbeidarutvikling og organisasjonsutvikling. Formålet med dette kompetanseutviklingsprogrammet er å setje dette arbeidet i system slik at vi får god nytte av verktøyet i heile organisasjonen.

Programmet skal gjennomførast ved hjelp av faste leiar samlingar og noko mellomliggende arbeid dei neste to åra. Primær målgruppe for programmet er eininigsleiarar, stabsleiarar og kommunalsjefar. Assisterande leiarar, fagleiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombod vil bli kopla på relevante tema gjennom denne perioden. KS-konsulent vil vere fagleg bidragsytar i oppbygging og gjennomføring av programmet.

## Arbeidsgjevarpolitikk

Ei arbeidsgruppe har sidan hausten 2018 arbeidd med å lage nye personalpolitiske reglement for Stad kommune. Gruppa er samansett av leiarar, tillitsvalde, verneombod og representantar frå personal i både Eid og selje kommunar. Gruppa har kome langt i arbeidet og når Stad kommune vert etablert frå 01.01.2020 vil alle dei viktigaste dokumenta som styrer arbeidsgjevarpolitikken i Stad kommune vere klare.

Nokre av dokumenta vil rådmannen i Stad vedta og nokre dokument vert lagt fram for politiske organ hausten 2019. Døme på dokument som arbeidsgruppa har utarbeidd er arbeidsavtale, arbeidsreglement, etisk reglement, tilsetjingsreglement, permisjonsreglement, avtale om heimekontor, gåvereglement, varslingsrutinar, like rettleiarar og prosedyrar.

## Vedtak fellesnemda og PSU

# Møte i fellesnemda og partssamansett utval 7. mars



Steinar Engeland frå Byrr presenterte ulike framlegg til kommunevåpen for Stad kommune.



Gullsmed Kathrine Berg presenterte framlegg til korleis eit nytt ordførarkjede for Stad kommune kan utformast.



Felles strategi for reiseliv og stadsutvikling blei behandla i fellesnemda 7.3 med vedtak om å leggje utkastet ut på høyring. Strategidok. skal etter plan endeleg vedtakast i juni.

## Vedtak i fellesnemda 7. mars

### Val av kommunevåpen

Etter ein prekvalifiserande prosess med fleire fagmiljø fekk designbyrået Byrr (Nordfjordeid) i januar oppdraget med å utforme kommunevåpenet for Stad kommune. Fellesnemnda fekk 7.3 presentert fleire aktuelle utkast og gjekk inn for to ulike motiv for vidare prosess: Båt eller Fjordhest/St Sunniva.

Det er i løpet av mars gjennomført ei rådgjevande avstemming blant innbyggjarane, og resultatet frå denne skal gje fellesnemnda grunnlag for si tilråding til kommunestyret.



2797 var innom stad2002 si nettside for å gje si røyst. Det endelege resultatet var fordelt med 2369 røyster til St Sunniva og Fjordhest og 428 røyster til motivet med båt.

Når det nye kommunevåpenet er på plass skal dette feirast og markerast med ei utstilling og samling for alle barn og vaksne som har vore med å gje innspel til prosessen, og sjølvsagt vert enkelte av løsningsforslaga som ligg nært opptil det endelege motivet premiert.

### Ordførarkjede

Arbeidet med å utforme nytt ordførarkjede er i gang. Ei arbeidsgruppa bestående av Andreas Rundereim (Selje), Kjell Nøstdal, Berge Bjørkedal (Eid kommune), Gerd Kjellaug Berge (leiari) og Åge Lundebrekke (Selje kommune) har arbeidd med eit framlegg til løysing. Gullsmed Kathrine Berg og Turid Haye har vore med i prosessen med utforminga, og presenterte sine tankar for nytt ordførarkjede for fellesnemda 7. mars. Løysninga som blei lagt fram er basert på brynjeteknikk, der sjølve lenka er utforma som eit brynjestykke.

Ideen er å dekorere kjedet med identitets-element frå heile kommunen år for år framover.

Fellesnemnda vedtok å gå vidare med det presenterte framlegget. Det skal no jobbast vidare med detaljane i utforminga. Ordførarkjedet skal etter planen vere ferdigstilt når det nye kommunestyret vert konstituert i oktober 2019.

Dagens to ordførarkjeder i Eid og Selje kommunar skal takast vare på for framtida. Arbeidsgruppa har fått i oppdrag å vurdere korleis dette kan gjerast.

### Strategi for stadutvikling klar for høyring

Fellesnemnd for Eid og Selje gjorde hausten 2017 vedtak om oppstart av eit felles utviklingsprogram for kommunane Eid og Selje, og framtidige Stad kommune. Som ein del av dette utviklingsprogrammet vart det vedteke å utarbeide ein strategisk utviklingsplan med bu, arbeide og drive næring som overordna tema.

Arbeidet har blitt følt opp ved at kommunane gjennom Stad2020 har skaffa seg kunnskapsgrunnlag om og utarbeidd forslag til strategiar for stadutvikling, reiseliv og næring. Formålet med arbeidet med stadutvikling har vore å legge til rette for eit godt samspele og lokal deltaking i utviklingsarbeidet for etablering av ny kommune.

Innbyggjarane og frivillige lag og organisasjonar har gjeve kunnskap som er viktig for utviklinga av lokaldemokratiet og stadane i den nye kommunen. Det vart i løpet av oktober gjennomført folkemøte om stadutvikling på 9 stadar i kommunen. «Jakta på folkeviljen» møtte stort engasjement og deltaking ute i bygdene.

Styringsgruppa for arbeidet la 7. mars fram forslaget til strategi for stadutvikling for Eid og Selje (Stad kommune) for fellesnemnda.

Arbeidet med stadsutvikling vil no gå over i ein ny fase, med høyringsrunde og planlegging for gjennomføring av planen. Strategidokumentet vil vere viktig grunnlag for arbeidet med Stad kommune sin samfunnsdel med tilhøyrande arealdel.